



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset

6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref
12/140-1 OMA

Dato
09 JAN 2012

Statsbudsjettet 2012 – Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Tilsegn nr.: 123013012

1. Innleiing

Vi syner til Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. 16 S (2011–2012), og orienteringsbrev av 6. oktober 2011. I dette tilskotsbrevet gjev departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 60, for budsjettåret 2012. Brevet inneheld òg presiseringar av innhaldet i dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

I St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* slo regjeringa fast at fylkeskommunane skal vere dei sentrale regionale utviklingsaktørane. Kjernen i det regionale utviklingsarbeidet er å fremje ei heilskapleg samfunnsutvikling i sin eigen region som byggjer opp under målsetjinga om å gje den einskilde innbyggjaren valfridom når det gjeld buplass.

2. Ramme

Den samla løyvinga på posten, medrekna Interreg, er 1500,95 mill. kr. Løyvinga inneheld ei rammeoverføring på 49 mill. kr som skal dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar hos Innovasjon Noreg, sjå nærare omtale i punkt 4.1. Denne delen av ramma kjem til å bli overført til Innovasjon Noreg.

Ramma til Sogn og Fjordane fylkeskommune er fastsett til 96,77 mill. kr.

Ei oversikt over fordelinga til dei einskilde fylkeskommunane og Oslo kommune er

gjeven i vedlegg 1.

3. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ynskjer, og vil løyse ut verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekstrainnsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Noko av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverke til å løyse ut regionale potensial for verdiskaping.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Målstruktur

Departementet har i Prop. 1 S (2011–2012) sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på.

Fylkeskommunane prioriterer sjølve mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnerskapar, innanfor dei nasjonale arbeidsmåla, rammene og retningslinjene for posten.

Prioriterte grupper

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarar er framleis prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken. Fylkeskommunane og verkemiddelaktørane blir difor oppmoda om å medverke til at desse gruppene blir prioriterte.

Fylkeskommunane blir oppmoda om å samarbeide med Innovasjon Noreg både om å setje måltal for og prioritere kvinnetdelen innanfor dei bedriftsretta verkemidla. Dette skal støtte opp om departementet sitt mål om at 40 prosent av dei næringsretta midlane skal gå til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane skal berre tildelast som direkte bedriftsretta stønad.

4. Om bruken og fordelinga av midlane

Regjeringa løyver 1 500,95 mill. kr over kap. 551, post 60 til fylkeskommunane for 2012. Løyvinga til kommunale næringsfond blir vidareført innanfor denne ramma med ei tildeling på 225 mill. kr.

Innanfor ramma av kap. 552, post 72 blir tildelinga til Næringshageprogrammet auka til totalt 40 mill. kr i 2012, ei dobling samanlikna med 2010. MERKUR-programmet og utviklings- og investeringsstøtteordninga for daglegvarebutikkar i distriktsområde, inklusive midlar til drivstoffanlegg, blir styrkte. Det blir òg oppretta ei ny tilskotsordning – Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar. Arbeidet med Bulystprogrammet og Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) blir vidareført i 2012. Midlane blir løyvde over kap. 552, post 72 og kap. 552, post 62.

4.1 Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvaret for bedriftsretta verkemiddel
Fylkeskommunane har ansvar for å fordele midlar til dei ulike verkemiddelaktørane i sitt eige fylke.

Administrasjons- og gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg

Når det blir lagt fylkeskommunale oppdrag til Innovasjon Noreg, blir administrasjons- og gjennomføringskostnadene dekte av den løyvinga som blir overført direkte frå departementet til Innovasjon Noreg.

Det er utarbeidd rutinar for fastsetjing av ramma for administrasjons- og gjennomføringskostnader. På bakgrunn av desse rutinane overfører departementet 49 mill. kr til Innovasjon Noreg over kap. 551, post 60 på vegner av fylkeskommunane.

Dersom fylkeskommunane legg nye oppdrag til Innovasjon Noreg i 2012 eller aukar rammeoverføringa, må dei rekne inn midlar til kostnader som knyter seg til administrasjon og gjennomføring.

Basiskostnadene til selskapet skal framleis dekkjast over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet kap. 2421, post 70. Eigiarane, oppdragsgjevarane og selskapet skal gå igjennom omlegginga til basiskostnadsmodellen og eventuelt justere omfanget og fordelinga av dei overførte midlane i siste kvartal 2012. I 2014 skal heile kostnadsmodellen vurderast.

Distriktsretta garantiar

Departementet opnar for at fylkeskommunane skal kunne gje Innovasjon Noreg høve til å stille distriktsretta garantiar frå og med 1. januar 2012. Hovudargumentet for ordninga er at den gjev Innovasjon Noreg større fleksibilitet i finansieringssaker.

Fylkeskommunane skal sjølv avgjere om ordninga skal nyttast hos dei. Departementet syner òg til vedtaket i Stortinget 15. mars 2011 Lovvedtak 43 (2010–2011) om endringar i lov om Innovasjon Noreg. Lova tredde i kraft 1. juli 2011.

4.2 Skjønstilldelingane

Kommunale/regionale næringsfond

Departementet legg opp til å vidareføre tildelinga på 225 mill. kr. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Kommunale næringsfond må sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og arbeidet med Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK). Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk ved at alle midlane går til kommunar eller regionråd.

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i gong ei evaluering av kommunale/regionale næringsfond. Evalueringa skal leverast i januar 2012.

Regional omstilling

I 2012 er det skjønntildelt 65,5 mill. kr til omstilling på kap. 551, post 60. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om særskilde omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn. Både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov må vurderast. Fylkeskommunane skal rapportere særskilt på den delen av ramma som er nytta til omstillingsutfordringar, jf. vedlegg 3.

Innovasjon Noreg får i 2012 ei ramme på 13,2 mill. kr over kap. 552, post 72. Dette er det same som i 2011. Løyvinga skal også dekkje gjennomføringskostnadene til tenesta. Denne ramma skal sikre at selskapet kan spele rolla som nasjonalt kompetanseorgan på omstilling overfor fylkeskommunane og kommunane.

Grenseregionalt samarbeid Interreg IV A og ENPI

I 2012 blir det skjønntildelt 71,28 mill. kr til fylkeskommunane som den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i Interreg IVA og Kolarctic ENPI CBC .

For 2012, og for resten av programperioden (2007–2013), legg departementet til grunn at fordelinga av Interreg-midlane mellom fylkeskommunane blir den same som i 2011. Midlane til det einskilde programmet vil bli overførte direkte til sekretariatsfylka, jf. punkt 2 i dette brevet og vedlegg 2.

4.3 Satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Regjeringa har løyvd 30 mill. kr til satsinga i 2012. Satsinga skal styrkje det arbeidet kommunane gjer med å byggje attraktive lokalsamfunn. Dei fylkeskommunane som deltek, skal sende departementet oppdaterte planar og budsjett for 2012 og ein søknad om midlar for 2012 innan 1. mars. Departementet vil tildele midlar til fylkeskommunane ut frå dei kriteria som ligg til grunn for satsinga i statsbudsjettet for 2012 under kap. 551, post 62.

4.4 Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar

Departementet etablerer i 2012 ei ny tilskotsordning – Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar. Ordninga skal medverke til auka verdiskaping og næringsutvikling i avgrensa landskaps- og identitetsområde med særskilde natur- og kulturverdiar. Lokale og regionale parkar er ein modell for samarbeid om bygdeutvikling og berekraftig bruk av område med viktige natur- og kulturverdiar. Parkane skal fremje heilskapleg stad- og næringsutvikling og levande bygdesamfunn i bygder og bynære område med slike verdiar. Det blir løyvd 10 mill. kr til ordninga i 2012. Departementet legg opp til dialog med mellom andre fylkeskommunane om det vidare arbeidet.

4.5 Særskilde satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i verk fleire satsingar der det er viktig med samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, og der satsingane er finansierte over kap. 552, post 72.

Bulyst-programmet

Kommunal- og regionaldepartementet starta opp ei satsing under temaet bulyst i 2010, forankra i St.meld. nr 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. For 2012 er det sett av 42 mill. kr til Bulyst-programmet, men om lag 10 mill. kr av desse midlane er alt bundne til tilsegner som blei gjevne i 2011. Det er signalisert at dette er ei satsing som skal vare fram til 2013.

Fylkeskommunane er den viktigaste samarbeidspartnaren for Kommunal- og regionaldepartementet i gjennomføringa av bulystsatsinga. Oppfølginga av pilotprogramma og opplegget for Bulyst 2012 er diskuterte og utvikla i samarbeid med fylkeskommunane.

Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK)

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer å vidareføre arbeidet med FUNK. For 2012 har departementet sett av 4 mill. kr. til dette arbeidet. Samarbeidet mellom Innovasjon Noreg og kommunane som førstelinje for næringsutvikling er vidareført i Innovasjon Noreg.

Innovasjon Noreg har sett i gong to tiltak:

1. Utvikling av eit kursopplegg for kommunalt tilsette næringskonsulentar. Kurset er eit e-læringsverktøy og skal vere ferdig til utgangen av første kvartal
2. Kontordagar i kommunane

Nokre fylke har ikkje komne langt i arbeidet. Innrettinga må tilpassast etter kor langt arbeidet er kome, korleis arbeidet er organisert, og utfordringane i kvart fylke. Fylkeskommunane har ei særleg viktig rolle når det gjeld å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei involverte partane i fylket.

4.6 SIVA sine program

SIVA sitt FoU-inkubatorprogram blir i 2012 ført vidare gjennom ei ny og meir fleksibel inkubatorsatsing der dei ulike inkubatorprogramma kjem inn under same paraplyen. Målet for satsinga er å få til auka verdiskaping gjennom å utnytte gode idear frå FoU-, nyskappings- og industrimiljø på ein betre måte enn tidlegare.

Fylkeskommunane har høve til å gje stønad til SIVA sine innovasjonsprogram. Det vil om kort tid bli sendt melding til ESA om dette frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

4.7 Forholdet til Distriktssenteret

I 2011 har Distriktssenteret utvikla ein god dialog med alle fylkeskommunane innanfor verkeområdet. Kontakten har på same vis som i 2010 hatt eit grunnlag i dei nasjonale satsingane LUK og Bulyst og i dei satsingane regionane sjølve står bak.

I 2012 kjem Distriktssenteret til å spele ei nøkkelrolle i arbeidet med ei ny distrikts- og regionalmelding. I samband med dette arbeidet er det ynskjeleg med erfaringsutveksling mellom Distriktssenteret og fylkeskommunane. Fylkeskommunane spelar ei heilt sentral rolle innan distrikts- og regionalpolitikken og erfaringane deira skal inn i kunnskapsgrunnlaget for meldinga. Fylkeskommunane har gjort viktige erfaringar med kva slags tiltak som verkar godt for å skape attraktive og levedyktige lokalsamfunn, og slik kunnskap er viktig for utvikling av distrikts- og regionalpolitikken.

Det etablerte samarbeidet mellom fylkeskommunane og Distriktssenteret skal vidareførast i 2012.

4.8 Andre løyvingar innanfor programkategori 13.50 som fylkeskommunen forvaltar

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Dei aktuelle fylkeskommunane kjem her til å få eit eige tilskotsbrev når den fylkesvise fordelinga er klar. Vi syner elles til omtalen i Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet.

5. Økonomiforvaltning

5.1 Krav og retningslinjer for forvaltninga

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over kap. 551, post 60 er i tråd med regelverket for økonomistyring i staten, retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61. Fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, skal etablere eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Fylkeskommunane skal forvalte midlane etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Det inneber mellom anna at dei sjølve må lage eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til måla for regional utvikling og deira eigne plandokument, og som er i tråd med arbeidsmåla innanfor programkategori 13.50.

Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Overføring av midlar

Rammene til fylkeskommunane blir i hovudsak overførte tre gonger i året, rundt 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane kjem til å bli overførte til dei same kontoane som i 2011 dersom ikkje fylkeskommunane gjev melding om noko anna.

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunane ansvar for å sende over oppdragsbrev eller avtale/kontrakt til dei ulike tilskotsforvaltarane. Vi ber om det blir gjort så snart som råd, slik at tilskotsforvaltarane kan planleggje verksemda si etter dei måla, føringane og rammene som er gjevne. Vi ber om at alle styringssignal til tilskotsforvaltarane blir gjevne i dette brevet eller avtalen/kontrakten.

Kontroll

Departementet og Riksrevisjonen kan når som helst be om innsyn i bruken av midlane.

Forvaltaren har ansvar for å ha gode internkontrollsystem. Forvaltninga skal vere i tråd med *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 6.3.8.1. Internkontroll er eit formalisert kontrollsystem der kontrollaktivitetar blir utforma, gjennomførte og følgde opp med basis i vurderingar av risikoen for styringssvikt, feil og manglar i arbeidsprosessane i verksemda. Fylkeskommunane skal i den årlege rapporteringa til departementet opplyse om fylkesrevisjonen har hatt vesentlege merknader eller gjort funn når det gjeld verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61, og også opplyse om innhaldet i eventuelle merknader og om korleis dei blir fylgde opp.

5.2 Endringar i retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 for 2012

I retningslinjene er det gjort endringar som gjeld frå og med 2012. Endringane er slik:

- **Del I Prinsipp og rammer for bruken av verkemidla, punkt 2 Ansvar og rolla til aktørane**

Strategisk versus operativt forvaltningsansvar ved direkte bedriftsstøtte

Innovasjon Noreg har ansvaret for å forvalte midlane til direkte bedriftsstøtte. Fylkeskommunane kan tildele bedriftsretta midlar til den einskilde NCE-en, næringshagen osv. under dei nasjonale programma NCE, ARENA, Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet. Dette er ei justering av den forvaltningspraksisen som er nedfelt i St.prp. nr. 51 (2002–2003) *Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv*, der det heiter at fylkeskommunane ikkje skal forvalte bedriftsretta verkemiddel. Departementet har sett i gang eit arbeid med naudsynte avklaringar i tilhøvet til ESA. Fylkeskommunane kan òg gje midlar til Ungt Entreprenørskap og Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI). Dersom fylkeskommunane vil gje tilskot til næringshagar eller inkubatorar utanom dei nasjonale programma, må fylkeskommunane sjølve notifikere støtta.

- **Del II Økonomiforvaltning, II Tilskotsforvaltning, punkt 3 Prosedyrar ved søknadshandsaming, tildeling av midlar osv.**

Krav til rekneskap og attestasjon frå revisor

Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen bekrefta av autorisert rekneskapsførar. For tilskotsmottakarar som er revisjonspliktige, er det framleis krav om revisorgodkjend rekneskap.

5.3 Presiseringar i retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 for 2012

For å tydeleggjere avgrensingane og krava i retningslinjene er det frå 2012 gjort somme presiseringar som ikkje endrar tidlegare praksis:

- **Del I Prinsipp og rammer for bruken av verkemidla, punkt 2 Ansvar og rolla til aktørane**

Høve til å delegere forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentleg heilåtte

Teksten presiserer at den aktøren som har teke på seg forvaltningsansvar, må gje skriftleg samtykke til fylkeskommunen. Ikkje-offentlege forvaltarar skal dokumentere overfor fylkeskommunen korleis dei følgjer opp tilskotsforvaltninga. Dersom fylkeskommunen oppdagar vesentlege brot på god tilskotsforvaltning, ber departementet om å få rapport på dette.

- **Del I, punkt 5 Avgrensingar i bruken av midlane**

- Avsnittet som i 2011 heitte *Vedlikehald*, har fått endra overskrifta til *Utløysande effekt*, og teksten er presisert.
- Avsnittet *Investeringar, drift og vedlikehald av ordinære driftsoppgåver og lovpålagde oppgåver* er presisert med denne teksten: *"Oppgåver innan forvaltning, velferdsproduksjon og offentlig forretningsverksemd som er lovpålagde eller definerte*

i proposisjonar til Stortinget, skal finansierast over budsjetta til dei departementa som pålegg desse oppgåvene.”

- I avsnittet om *Skatteplikt* er det gjort tydeleg at skattefritak også gjeld investeringstilskot som er gjevne gjennom kommunale og regionale næringsfond og løyvde over kap. 551, postane 60 og 61. Vidare er det lagt inn ny tekst om at dersom ei bedrift som har teke imot investeringstilskot og fått skattemessige fordelar av dette, blir seld innanfor ein femårsperiode, skal bedrifta betale skatt av tilskotet.

Departementet vil peike på at fylkeskommunen kan gje midlar til kommunale næringsfond utanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Kommunar med slike fond utanfor verkeområdet kan ikkje nytte denne typen midlar til distriktsretta investeringsstøtte eller fysiske, tilretteleggjande tiltak, jf. forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla, fastsett ved kgl.res. 15. desember 2006. Departementet vil også peike på at investeringstilskot som er gjevne frå kommunale næringsfond, ikkje er skattepliktige i det distriktpolitiske verkeområdet (løyvde over kap. 551, postane 60 og 61). Dersom ei bedrift har teke imot investeringstilskot og fått skattemessige fordelar av det og driftsmiddelet blir selt innanfor ein femårsperiode, skal bedrifta betale skatt av tilskotet. Meir informasjon om dette kan ein finne på departementet sine nettsider.

• Vedlegg 3 Soneinndeling

I samband med samanslåinga av Mosvik og Inderøy kommunar, tok kommunane opp spørsmålet om plasseringane i verkeområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift og det distriktpolitiske verkeområdet. Dei noverande soneplasseringane av dei tidligare kommunane blir ført vidare fram til neste revisjon av verkeområdet, det vil seie ut 2013.

6. Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar

Departementet gjev skriftleg tilbakemelding på rapporteringa.

6.1 Rapportering på gjevne tilsegner og rammer i 2012

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551, postane 60 og 61 blir dels fordelte til andre, dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ei samla og likearta rapportering om all aktivitet (statistikkrapporteringa) som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering på gjevne tilsegner og rammer over kap. 551, post 60 er tilpassa dette. Ein nærare omtale av innhaldet i denne rapporteringa er gjeven i vedlegg 4b.

Både kommunar, regionråd, landsdelssamanslutningar og eventuelle andre forvaltningsorgan skal rapportere om bruken av midlar frå kap. 551, postane 60 og 61

som dei har fått tildelt frå fylkeskommunane, gjennom det same rapporteringssystemet som fylkeskommunane sjølve nyttar. Fylkeskommunane har ansvar for å informere om dette systemet, kvar det kan lastast ned, og kven som kan gje hjelp og sjå til at rapporteringssystemet blir nytta. Fylkeskommunane har ansvar for å kvalitetssikre rapporteringa frå kommunane og regionane før rapporten blir send vidare til departementet.

Postane 60 og 61 i kap. 551 er tilskotspostar, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på postane som blir brukt til å dekkje gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Gjennomføringskostnader skal difor registrerast særskilt i rapporteringssystemet. Dette gjeld for alle som forvaltar midlar på postane 60 og 61.

6.2 Skildrande rapportering for budsjettåret 2012

Rapporteringskrava for den skildrande rapporteringa er presenterte i vedlegg 4a. Fylkeskommunane skal mellom anna rapportere på måloppnåing i høve til sine egne mål, på konkrete resultat av prosjektporteføljor og/eller på satsingsområde under dei einskilte måla.

6.3 Rapportering på felles resultat- og effektindikatorar

For å få betre informasjon om resultat og effektar av verkemiddelbruken er det innført rapportering på felles indikatorar. Fylkeskommunen skal rapportere på desse indikatorane ved sluttrapporteringstidspunktet for tiltak og prosjekt som er finansierte over kap 551, postane 60 og 61. Indikatorane skal tene fleire føremål:

- vere eit viktig datagrunnlag i felles evalueringar (sjå nedanfor)
- danne grunnlag for betre mål- og resultatstyringssystem og læring av verkemiddelbruk i fylkeskommunane og i den skildrande rapporteringa til departementet
- gje grunnlag for ei meir heilskapleg resultatrapportering til Stortinget

Resultatrapporteringa gjeld prosjekt som er sette i gong i budsjettåret 2010 eller seinare. Den ansvarlege prosjektleiaren skal rapportere inn på resultatskjemaet når prosjektet er avslutta. Som hovudregel skal 25 prosent av tilskotet haldast tilbake til resultatskjemaet er sendt inn. Rapporteringskrava er nærare omtalte i vedlegg 4c.

6.4 Rapportering på transportstøtte (gjeld berre i somme fylke)

Det gjeld egne reglar for rapportering på transportstøtte. Sjå vedlegga 4b og 4d.

6.5 Rapportering første halvår 2012

Fylkeskommunane skal innan 17. august 2012 sende inn ein kort rapport om midlane for 2012 som gjev grunnlag for rapporteringa frå departementet til Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2013. Denne rapporten skal innehalde ei oversikt over korleis ein har tenkt å disponere rammene i 2012 for kap. 551, postane 60 og 61 på dei ulike aktørane som Innovasjon Noreg, SIVA, fylkeskommunen sjølv og kommunane

(kommunale/regionale næringsfond). Rapporten må dessutan gje ei oversikt over dei kommunane/regionane som får tildelt midlar til kommunale næringsfond. Han skal òg innehalde ei oversikt over rammer som det er planar om å disponere til omstilling og grenseregionalt samarbeid under Interreg IVA og ENPI.

6.6 Dialog om evalueringar

Departementet kjem i større grad til å gjennomføre felles tematiske evalueringar for å følgje opp dei langsiktige effektane av verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61. Departementet vil diskutere det tematiske fokuset med fylkeskommunane og relevante fagetatar.

Tematiske evalueringar er eit supplement til dei evalueringane som etatane har plikt til å gjere etter reglementet for økonomistyring (§16). Departementet skal varslast om evalueringar som er planlagde eller sette i gong, i den årlege rapporteringa, der det også skal informerast om resultatata (jf. vedlegg 4a). Vi ber òg om å få oversendt kopi av evalueringar som er offentleg tilgjengelege, når dei ligg føre.

6.7 Fristar i 2012

3. februar	Frist for innsending av rapport for 2011 i Rapp13.50
3. februar	Frist for innsending av rapport på felles resultat- og effektindikatorar
1.mars	Frist for fylkeskommunane til å sende inn kvalitetssikra rapportar på kommunale- og regionale næringsfond
30. mars	Frist for skildrande årsrapport for 2011
11. mai	Frist for rapportering av transportstøtte for 2011 (sjå punkt 6.4)
17. august	Frist for halvårsrapport 2012
17. august	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2013

Fristane gjeld òg for andre aktørar som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, Landsdelsutvalet og kommunane. Dersom rapporteringa går gjennom fylkeskommunen, må fylkeskommunen setje ein frist for dei andre aktørane, slik at han sjølv kan halde fristen til departementet.

Rapporteringsfristane for 2013 kjem til å bli lagde på eller tett opptil dei same datoane.

7. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid

Arbeidet med å vidareutvikle informasjonen og kommunikasjonen om regional utvikling skal halde fram i 2012. I samband med budsjettet for 2012 utvida Kommunal- og regionaldepartementet den informasjonen om det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane som finst på nettsidene våre. Kommunal- og regionaldepartementet vil føre vidare dialogen med fylkeskommunane om korleis midlane til regional utvikling, og bruken av dei, kan synleggjerast betre.

8. Avslutning

Eg ber om at fylkeskommunane orienterer partnarskapen om innhaldet i dette brevet, og ynskjer fylkeskommunane og partnarskapen lukke til med utviklingsarbeidet i fylka i 2012!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

VEDLEGG

Vedlegg 1:	Fylkesfordeling av midlane på kap. 551, post 60 for 2012 (tabell)
Vedlegg 2:	Fordeling av Interreg-midler på sekretariatsfylka for 2012
Vedlegg 3:	Retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61
Vedlegg 4a:	Krav til skildrande årsrapport til Kommunal- og regionaldepartementet
Vedlegg 4b:	Krav til rapportering på gjevne tilsegner og rammer (statistikkrapporteringa) og rettleiar til registreringskategoriane
Vedlegg 4c:	Krav til rapportering på felles effekt- og resultatindikatorar
Vedlegg 4d:	Rapporteringsskjema for transportstøtte
Vedlegg 4e	Forenkla rettleiing til statistikkrapportering og kategoriregistrering
Vedlegg 5:	Oversikt over løyvingane over programkategori 13.50 i 2012

Tilskotsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd>.

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Fiskeri- og kystdepartementet
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøverndepartementet
Norges forskningsråd
Nærings- og handelsdepartementet
Riksrevisjonen
Sámediggi-Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF